

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Norway

POSTADRESSE:
Statkraft Energi AS
Postboks 200 Lilleaker
0216 OSLO

BESØKSADRESSE:
Gaupnegrandane
6868 GAUPNE

TLF:
+47 24 06 70 00

FAX:
+47 24 06 70 01

INTERNETT:
www.statkraft.no

E-POST:
post@statkraft.com

Org.nr.: 987 059 729

DYKKAR REF./DATO:
/

VÅR REF.:
201500843-12

STAD/DATO:
Gaupne, 03.12.2020

SØKNAD OM DISPENSASJON FRA MANØVRERINGSREGLEMENTET FOR KVILESTEINSVATN

Kvilesteinsvatnet ligg i Vik kommune i Vestland fylke. Viser til godkjent teknisk plan for utbetringar på dammen godkjent av NVE den 29.06.2020 (NVE 201303347-29). For å få utført desse tiltaka gitt etter revurderinga av dammen må ein fråvike frå krav i manøvreringsreglementet.

Konsesjonskravet gir følgjene vilkår til Statkraft si manøvrering av anlegget: «*Tappeluke for Kvilesteinsvatn holdes stengt i tiden fra lavvannsperiodens slutt til vannstanden har nådd kote 918,5, dog ikke i noe tilfelle utover 1 oktober*».

Sidan arbeida skal utførast trygt og turt må magasinet tappast ned til kt 911 moh og haldast der frå 1. juni til 15. september. Det er mest realistisk med kortare tid, men tilhøva i høgjellet gjev ein del usikkerheit.

Søker med dette om dispensasjon frå manøvreringsreglementet for reguleringar i Arnafjordvassdraget gitt ved KGL. Res. 27. juni 1969, til å fråvike kravet om oppfylling av Kvilesteinsvatnet til å kunne halde vasstanden på kote 911 moh ved å ha tappeluka open fram til 15. september. Etter dette og fram til 1. oktober, vil alt tilsig gå til fylling av magasinet så lenge vi ligg under kote 918,5 moh.

Magasinet vil heile tida ligge over LRV og reguleringa skjer sakte. Det er derfor ikkje venta at tiltaket vil ha vesentlege miljølemper.

Håpar på relativ rask avklaring av omsyn til kontraktar, men har stor forståing for at dykkar arbeid tek noko tid. Eit svar innan utgangen av januar er ynskjeleg.

Med venleg helsing
for Statkraft Energi AS

Kåre Hønsi

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur.